



PETROLEUMSTILSYNET

Equinor ASA, Tjeldbergodden

6699 KJØRSVIKBUGEN

Vår sakshandsamar
Trond Sundby

Dykkar ref.
2021-011401

Vår ref. (ved svar)
Ptil 2022/934/TES

Dato
01.07.2022

Samtykke til modifikasjon med installering av kvikksølvfjerningsenhet på Tjeldbergodden

Vi viser til dykkar søknad datert 31. mai 2022 om samtykke til modifikasjon for å installere kvikksølvfjerningseining på Tjeldbergodden.

I medhald av forskrift om styring og opplysningsplikt i petroleumsverksemda og på enkelte landanlegg (styringsforskrifta) § 25, tredje ledd bokstav b, får de samtykke til modifikasjon med installering av kvikksølvfjerningseining på Tjeldbergodden. Samtykket blir blant anna gjeve med bakgrunn i informasjon og dokumentasjon som er innsendt i forbindelse med søknaden.

Vi koordinerer handsaminga av søknaden om samtykke, sjå rettleiinga til styringsforskrifta § 26. I tråd med dette er søknaden lagd fram for Miljødirektoratet og Statsforvaltaren i Rogaland. Ingen av etatane har motsegner til samtykke. Deira tilbakemeldingar er ikkje vedlagde i dette brevet.

Det kan klagast på vedtaket etter forvaltningslova § 28. Fristen er tre veker frå de mottek dette brevet. Ei eventuell klage skal sendast til oss. Nærare opplysningar om klageretten kan fåast hos oss.

Vedtaket skal gjerast kjend for dei tillitsvalde for arbeidstakarane, mellom anna verneomboda, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 åttande ledd.

Med helsing

Espen Landro e.f.
fungerande tilsynsleiar

Trond Sundby
sjefingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har difor ingen signatur